

BRUA

*Informasjonsmagasin
for Fjaler kommune*

*Den nye ordføreren
Rådmannen om kommunereforma
Nytt kommunestyre
Norsklæraren
Internasjonale Fjaler*



FJALER KOMMUNE

-eit ope samfunn

Den nye Fjalerordføraren



Ordførar:
Gunhild Berge Stang
Tlf 57 73 80 52 /
976 53 785
E-post: gabs
@fjaler.kommune.no

I OKTOBER FEKK FJALER SIN FØRSTE KVINNELEGE ORDFØRAR. FOR GUNHILD BERGE STANG (41) KOM TILBODET OM Å OVERTA VERVET OVERRASKANDE PÅ, MEN HO BESTEMTE SEG FORT FOR AT HER VAR DET BERRE Å GRIPE SJANSEN.

TEKST: ELISE RISNES EIKEVIK/
FOTO: AGATA RORAT

1 Gunhild er slett ingen nykomling i politikken, ho er både fylkesleiar i Venstre, fylkestingsrepresentant og vara til Stortinget. Men no er det vervet som ordførar i Fjaler som er det viktigaste.

FRÅ STONGFJORDEN TIL DALE

Det var i Stongfjorden Gunhild vaks opp, men sidan har ho budd både i Bergen og Bremanger, før ho og familien busette seg i Dale i fjor. I Bergen tok Gunhild eit hovudfag i arkeologi, men har i ettertid jobba mest innan kulturfeltet. I Bremanger var ho kultursjef, ho har vore leiar i Noregs Ungdomslag og no nylegast jobba med kulturminne i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Under valkampen i år var Gunhild sterkt motivert for å komme i kommunestyret, men ikkje heilt førebudd på moglegheita for å bli ordførar.

– Eg måtte tenkje meg litt om før eg takka ja til ordførarvervet, men er veldig glad for at eg fekk denne sjansen! Kommunestyret er ein viktig politisk arena, og ein arena som gjev ein truverd og tyngde som politiskar, seier Gunhild.

Saman med mannen Roy og tre born på 4, 7 og 8 år, har ho no eitt år bak seg som fjalerbu. Sjølv om dei var glade i Stongfjorden, hadde kvardagen der sine praktiske utfordringar. Både Gunhild og mannen har jobbar som gjer at dei er mykje på reise, og dessutan var dei opptekne av at ungane skulle ha alt dei trengde i nærområdet. Draumen var ikkje eit rekkjeus i Førde, og familien ville helst bli verande ute i distriktet, så for dei vart

Dale det ideelle.

I Dale kan ein dagpendle til Førde, her finst barnehagar, skular, fritidstilbod og butikkar, alt ein eigentleg har bruk for, meiner Gunhild. Verken ho eller mannen hadde spesielle band til Dale før dei flytta, og kunne enda opp kvar som helst, men dei hadde tru på denne staden. Gunhild viser til diskusjonen rundt kommunereforma, og fortel at ho naturleg nok ikkje ville busett seg i Fjaler om ho trudde ei slik reform vil komme til å utarme kommunen.

På spørsmål om Gunhild og familien har funne seg til rette i bygda, er svaret eintydig:

– Absolutt! Vi har ikkje angra ein dag. Både barnehage og skule har jobba godt for å hjelpe alle på plass i ei ny bygd, vi har rett og slett ingenting å klage på.

ØNSKJE FOR FJALER

Den nye ordføraren er klar på at folketalutviklinga er ei stor utfordring for Fjaler, og meiner kommunen må jobbe vidare med å få folk til å flytte heim att etter dei er ferdig utdanna.

– Vi treng fleire innbyggjarar for å få ein betre kommuneøkonomi, så enkelt og så vanskeleg er det, seier Gunhild. Ho meiner Fjaler må freiste å komme i ein posisjon der folk som til dømes får tilbod om jobb i Førde, likevel vel å bli buande i Fjaler. Ein må utnytte det at ein stor arbeidsmarknad som Førde ligg så nært, samstundes som ein held fram med å utvikle den lokale arbeidsmarknaden, meiner Gunhild. Ho har tru på at lokalsamfunna og dei større regionsentera saman kan skape område som er gode både å bu og jobbe i. I samband

med dette er det klart at utbetring av fylkesveg 57 vil vere viktig, legg ho til.

Gunhild er medviten om at det kan vere utfordrande at ho no har politiske roller både lokalt, nasjonalt og på fylkesnivå, sidan ein jobb ut frå litt ulike perspektiv på dei ulike nivåa. Det er viktig for henne at ho står fram som ryddig med tanke på dei ulike verva sine, men no er førsteprioriteten uansett å vere Fjaler-ordførar.

SAMFUNNSENKASJERT SØT-MUMS

Det har aldri vore eit problem for Gunhild å fylle fritida med saker som er meningsfulle for henne. Tidlegare har ho drive mykje med både folkedans og ungdomslagsarbeid, men etter at politikken vart ein stor og viktig lidenskap, er det gjerne den ho har via mest tid til. Med tre små born og eit levande samfunnsengasjement på fleire frontar, er Gunhild inne i ein fase der det ikkje er så aktuelt å tenkje på andre fritidsinteresser. Men folk som har jobba med henne, kan fortelje at ho som regel har tid til å nyte ein liten sjokoladebit.

– Uff, det ryktet der forfølgjer meg! Men ja, det er heilt rett, eg er ein gedigen søtmums, må Gunhild innrømme. Å kunne svare på kva som er favorittsjokoladen, meiner ho derimot er det desidert vanskelegaste spørsmålet denne dagen. Men høgt på lista over favorittar vil ein alltid kunne finne fylt konfekt.

– Eg kan sjå føre meg mine eldre dagar, der eg går rundt i morgonkåpe med knute i nakken og gumlar sjokolade, avsluttar ho. I mellomtida ønskjer vi henne lykke til som ordførar i Fjaler!



NYE GENERASJONAR SKODAR MOT BRUA.
FOTO: ROLF- MAGNE GOLTEN ANDERSEN

Felles framtid i HAFS



I VEL EITT ÅR HAR FJALER, HYLLESTAD, ASKVOLL, SOLUND, GAULAR, FØRDE, JØLSTER, NAUSTDAL, FLORA OG GLOPPEN GJENNOMFØRT EIT OMFATTANDE ARBEID I SAMBAND MED KOMMUNEREFORMA. DET HAR VORE UTGREINGAR, FORHANDLINGAR OM INTENSJONSAVTALAR, OG NO SEINAST EI INNBYGGJARUNDERSØKING.

TEKST: OLA HOVLAND

Før sommaren gjorde Fjaler vedtak om å slutte seg til to intensjonsavtalar; HAFS-alternativet og Storkommunealternativet (alle 10 kommunane). Etter eit felles formannskapsmøte 6. november, vart det klart at storkommunealternativet ikkje lenger er realistisk. Alternativa som står att er då HAFS, og variantar av «Liten SIS». Innbyggjarundersøkinga gjev oss eit bilete av at HAFS er det føretrekte alternativet i alle kommunane, med unntak av Solund. Der vert ei samanslåing av kommunane i sør vurdert tilnærma likt som HAFS-alternativet.

KVIFOR SAMANSLÅING?

Sentrale spørsmål i denne saka er kvifor kommunane bør slå seg saman, og kvifor HAFS er det føretrekte alternativet. Det er eit samla Storting som har vedteke at kommunereforma skal gjennomførast. Vi er inne i ei samfunnsutvikling med endring i mobilitet, ny teknologi, nye oppgaver og stadige nye krav og forventningar til tenestene ein kommune skal levere. I vårt område er ei av dei største utfordringane å få til vekst i folketalet. Dette er avgjerande for å unngå minnska inntekter og særskildt krevjande prosessar med å måtte ta ned tenestetilbodet. Her kan det til dømes bli snakk om nedlegging av skular.

Vidare gjer nye, spesialiserte oppgaver det vanskeleg for små kommunar å yte eit godt tilbod. Krav om at vi skal ha sengepostar til akutt hjelp på døgnbasis frå 1. januar 2016, vil koste

nær tre millionar og krevje fire til fem stillingar. Basert på folketal og storleik, vert berre 0,7 millionar av dette dekkja av staten. For å kunne tilby likeverdige tenester, vert løysinga å inngå samarbeid med nabokommunar. I dag har vi nær 30 ulike samarbeid, og desse fungerer godt. Likevel er det krevjande å koordinere desse tenestene, og å sikre at dei er effektive. Dessutan er det ei demokratisk utfordring for kommunane å stadig måtte gje frå seg kontroll over tenestetilbodet til andre kommunar. Når staten legg opp til at fleire og nye oppgaver skal overførast til kommunalt nivå, vert kommunar på vår storleik for små.

HAFS-ALTERNATIVET

I intensjonsavtalane om samanslåing av kommunane i prosjekt Sunnfjord, ligg det fast at tenester nær folk vert som i dag, og at rådhusfunksjonar vert samla i eit rådhus. For HAFS-alternativet er ein i intensjonsavtalen samde om å sikre aktivitet i kommunehusa, ved å fordele einskildfunksjonar. Sjølv om det samla folketalet i HAFS ligg under det staten har definert som minimum (15000), viser NIVI-analyse sine vurderingar at HAFS har potensiale til å fungere som eigen kommune. HAFS-kommunane har vore flinke til å samarbeide, og utgreiingane viser at dette gjev grunnlag for å skape vidare vekst. Uansett kva vi jobbar med, ser vi at gode haldningar og positiv framtidstru gjev resultat. Døme på dette er Lutelandet, Dalsfjordbrua og andre HAFS-verksemder som er resultatet av godt

entreprenørskap. Fjaler har faktisk hatt ein vekst i talet på arbeidsplassar dei siste åra som har vore over landssnittet. Det betyr at om ein vil – får ein det til.

ANDRE LØYSINGAR

Samrøystes vedtak i Fjaler kommunestyre og stor oppslutnad i innbyggjarundersøking om HAFS-alternativet (71%), syner at det er dette folk har tru på og at det er dette vi skal jobbe for.

Samstundes ser vi at dette alternativet ikkje står like sterkt i alle HAFS-kommunane og konkurrerer med andre alternativ.

Å stå åleine er med det inntektssystemet vi har i dag og signal om endringar i nytt inntektssystem, ikkje eit berekraftig alternativ for Fjaler. Undersøkinga viser òg at det er fleire i Fjaler som er positive enn negative til kommunereforma. Det betyr at for å unngå å stå åleine, må vi ha dørene opne for andre alternativ.

I kommunestyret sitt møte den 14. desember, vil vi handsame plan for vidare arbeid, andre samanslåingsalternativ og mandat.

ALLE HAR EIT ANSVAR

Kommunereform er eit kjenslevert tema. Før ein sjølv konkluderer, er det viktig å stille spørsmål og søke svar ved hjelp av det utgreiingsmaterialet som er tilgjengeleg. Dette finn ein på kommunen sine nettsider, eller ved å kontakte sørviskontoret.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Ola Hovland, tlf 57 73 80 55, e-post olh@fjaler.kommune.no

Redaksjon: Ingeborg Tysnes, tlf 57 73 80 44, e-post iot@fjaler.kommune.no
Kårhild Hustveit, tlf 57 73 80 08 e-post khu@fjaler.kommune.no

Margrete Reisæter, tlf 57 73 80 20, e-post frivilligsentralen@fjaler.kommune.no

Elise Risnes Eikevik, tlf 400 38 095, e-post elise.risnes.eikevik@fjaler.kommune.no

Redaksjonen avslutta: 19.11.15.

Opplag: 1300 **Trykk:** Sogn og Fjordane Avstrykk **Utforming:** Findriv, Førde



Fjaler kommunestyre
16. november 2015
med formannskapet på
første rad. Arve Helle
var ikkje til stades under
fotograferinga.
Foto portrett og samla
bilde: Agata Rorat

Fjaler kommunestyre 2015–2019



Nina Beate Yndestad,
Guddal (38) varaord-
fører/formannskap/
administrasjonsutval



Arve Helle, Dale (44)



Kjetil Fristad, Våge (42)
formannskapsmedlem/
leiar i administrasjons-
utvalet



Kjartan Habbestad,
Flekke (36)



Katrine Vesterås, Dale
(22)



Kjersti Engvik Nygaard,
Våge (38)



Magnus Harald Løvik,
Dale (65)



Carl Joakim Janninge,
Straumsnes (39)



Kjetil Felde, Dale (44)
formannskapsmedlem



Anne Hopland, Hellevik
(48) formannskaps-
medlem/administra-
sjonsutval



Kjartan Åsnes,
Straumsnes (46)



Øystein Osland, Gud-
dal (28)



Ole Jakob Nedrebø,
Straumsnes



Randi Oddny Engen,
Guddal (44)



Ida Ravnøy Fretland,
Korssund (30)



Irene Langeland, Dale
(33)



Hans Stav, Dale (69)
formannskapsmedlem/
administrasjonsutval



Hogne Kvangarsnes,
Flekke (60)



Gunhild Berge Stang,
Dale (41) ordfører/form-
mannskapsmedlem



Richard Skår, Dale (31)



Odd Helge Aase, Dale
(50) formannskaps-
medlem/nestleiar i
administrasjonsutvalet



Eivind Antonisen, Dale
(40)



Mark Taylor, Dale (46)



FJALER KONTROLLUTVAL 2015-2019

- SP/ **Magne Norddal,** Dale (43) leiar
SP/ **Randi Oddny Engen,** Guddal (44), nestleiar
AP/ **Geir Tessem,** Dale (65)
H/ **Anny Mari Holm,** Dale (42)

Aktive ungdomar

UNGDOMENS KOMMUNESTYRE (UK) I FJALER SKAL GJERE DET MOGELEG FOR UNGDOM Å OPPRETTHALDE AKTIVITETAR, UTVIKLE INTERESSER OG STARTE EIGNE INITIATIV.



Fjaler UK. Frå venstre: Pernille, Robin, Sondre (ordfører), Viljar, Fredrik og Åsta Johanne. Foto: Ingeborg Opdøl Tysnes

UK har ulike faste oppgåver gjennom året. Ungdomsordføraren skal halde ein appell i samband med tenning av julegrana i Dale. I tillegg disponerer dei 35 000 kroner som dei kan dele ut til gode ungdomstiltak gjennom året.

KVA SKJER FOR UNGDOM?

UK er også med på å arrangere ting. I fjor gjekk ungdommane i Fjaler, Askvoll og Hyllestad saman for å lage ei friluftsvеke for ungdom. Det ynskjer dei å få til som ei årleg hending siste veka i sommarferien.

Dei ynskjer også å vere med på å lage fleire møtestader for ungdom, og dei har planar både om ein fotballcup for ungdom i januar og UKM, som skal arrangerast i Fjaler 27. februar.

DESSE ER VALDE FRÅ SKULANE I ÅR:

Fjaler ungdomsskule: Viljar Solheim Løkkebø og Pernille Nedrebø
Dale vidaregåande skule: Marte Huseklepp, Sondre Haugen og Åsta Johanne Sætenes
Våge skule: Marius Haugen

United World College: Robin Stokke og Fredrik Maracchiolo Lura

ARBEIDSUTVALET:

Ordfører: Sondre Haugen
Varaordfører: Fredrik M. Lura
Skrivar: Åsta Johanne Sætenes

Det er kultursjef Ingeborg Opdøl Tysnes som følgjer opp frå kommunen si side, og i tillegg er varaordfører Nina Yndestad kontaktledd inn mot det politiske miljøet.



Her er dei kjekke jentene som i år har valt faget *Innsats for andre*. Frå venstre: Amalie, Gjertrud, Silje, Oline, Malin, Julie, Ida Sofie, Vilde og Synnøve. Med oss har vi òg ein kjekk gut som heiter Sander. Han var dessverre ikkje til stades då biletet vart tatt. Dei flotte t-skjortene vart sponsa av prosjektmidlar som Leikny skaffa.

TEKST OG FOTO: ELI-TERESE SANDE

Etter initiativ frå Leikny Dale ved Dale VGS fekk vi fart i innføringa av valfaget som UDIR utarbeidde fagplan for i august 2013.

Opplæringa i faget skal gjere elevane i stand til å identifisere behov for frivillig arbeid i lokalmiljøet. Dei skal òg kunne bruke eigne ressursar og kunnskap til å planlegge, iverksette og slutføre tiltak som imøtekjem behova. I dette arbeidet skal lokale behov bli ivaretatt samtidig som det skal bidra til å styrke elevane si tilhøyrslе i lokalsamfunnet. Faget skal gi

elevane kunnskap om føresetnadane for frivillig arbeid og praktisk erfaring med å skape noko som kan ha verdi for andre. Kunnskap om etiske retningslinjer, kommunikasjon og samhandling inngår i faget.

I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane kan oppleve å bli verdsette for den innsatsen dei gjer. Eige engasjement i faget skal bidra til at elevane utviklar ei bevisst haldning til kor viktig frivillig arbeid og sosial verdiskaping er.

I samarbeid med Yksnebjør barnehage, sjukeheimen, Frivilligsentralen/Tunkafēen og Elvetun barnehage har vi fått gode praksisplas-

Gjer du noko fint for andre?

DETTE SKULEÅRET INNFØRTE FJALER UNGDOMSSKULE INNSATS FOR ANDRE SOM EIT EIGE VALFAG, OG DER HANDLAR DET NETTOPP OM DET - Å GLEDE ANDRE.

sar for elevane våre, og dei får vere saman med barnehageborn og eldre kvar fredag i daglege gjeremål. Elevane uttrykkjer stor glede ved det å komme ut i praksis, og dei fortel med stor iver om kor borna ser på dei som superheltar i barnehagen, og om dei eldre damene som likar så godt å vere saman med dei på dagsenteret ved sjukeheimen.

Vi tenkjer at dette er eit lærerikt og særst verdifullt fag for alle partar, og vi kjem til å jobbe for å kunne tilby faget som eit valfag vidare.



Malene Solheim
Tina-Marie Ekreskar
Hjelmeland
Guro Søgne
Marianne Tønning

BARNEHAGE

Yksnebjør barnehage:

Kjersti Yndestad er som den einaste nye, tilsett som barnehagelærer for barnehageåret. Ho er nyutdanna barnehagelærer og kjem opphavleg frå Guddal. Mange vil nok kjenne att Kjersti frå sommarjobb i barnehagen eller frå helgejobb på sjukeheimen. Dei andre som har fått nye vikariat/ fått fast tilsetting: **Sander Rivedal** Tjugen er tilsett i vikariat som pedagogisk leiar for barnehageåret. **Hilde Christie-Otnes** er tilsett i 100% fast stilling som barne- og ungdomsarbeidar. **Hilde Marita Kvamen** er tilsett i 100% fast stilling som barne- og ungdomsarbeidar.

Silje Selvåg er tilsett i 100% vikariat som barne- og ungdomsarbeidar for barnehageåret.

Sonja Høivik er tilsett i 100% vikariat frå 01.08.15 – 31.12.15. **Maria Sofie Åsnes** er tilsett i 80% stilling for barnehageåret 15/16.

Anne Kristin Strømme er tilsett i 60% vikariat frå 01.08.15 – 31.12.15. **Trine Lise Stenseth** er tilsett i 20% vikariat for barnehageåret.

Guddal barnehage:

Magne Sørda går inn i barnehagen, han har i dei siste åra vore i skulen.

SKULE:

Våge skule:

Oddgeir Lammetun er tilsett i fast 100% stilling. Oddgeir er 32 år, frå Lammetun og utdanna lærar frå HiB. Han kjem frå jobb på Hellen skule i Bergen og flytta heim no i haust med sambuar.

Therese Kleppe er tilsett i fast 100% stilling. Therese har jobba ved Våge skule sidan 2013, tidlegare og Våge og Yksnebjør barnehagar.

Stein Petter Furset er tilsett i fast 100% stilling. Stein Petter er 47 år og nyutdanna lærar no i vår. Han bur på Grytøyra og har ved sida av lærarstudiet vore assistent ved Våge skule. Tidlegare dagleg leiar ved Fure mek. **Elisabeth Bråtane** er tilsett i 100% vikariat for skuleåret. Elisabeth er 35 år, nyutdanna lærar no i vår, og bur i Dale. Ho har tidlegare jobba som sjukepleiar i Fjaler kommune.

Ragnhild Tveiten er tilsett i 100% vikariat for skuleåret. Ragnhild har vore ved Våge skule sidan hausten 2014. **Norbert Groschke** er tilsett i 45% stilling som barne- og ungdomsarbeidar. Norbert er opphavleg frå Tyskland og har m.a. bakgrunn som ingeniør og lærar. Han tek fagbrevet i BUA-faget no i haust.

Dingemoen skule:

Guro Søgne er tilsett i 100% vikariat for skuleåret 2015/16. Guro er 31 år og kjem frå Dale, ho flytta til Rivedal no i haust med sambuar. Ho er utdanna adjunkt og kjem frå jobb på Damsgård skule. **Camilla Ulvik Stenseth** er tilsett i 100% vikariat for skuleåret 2015/16. Dette er fjerde året Camilla er ved Dingemoen.

Marianne Tønning er tilsett i 100% vikariat for skuleåret 2015/16. Marianne vert 43 år i haust og er nyutdanna lærar no i vår. Ho er frå Hyllestad og har mellom anna jobba som geolog i offshore før ho bestemte seg for å satse på læraryrket.

Tone Lill Nyland er tilsett som vikariat som assistent for skuleåret. Tone Lill vert 42 år no i haust og kjem frå Dale. Ho har vore ved Dingemoen sidan hausten 2014.

Flekke skule:

Bente Haugen er tilsett i 60% stilling for skuleåret. Bente har lang fartstid frå Fjaler kommune, og dei fleste kjenner ho som hovudtillitsvald for Utdanningsforbundet i Fjaler.

Fjaler ungdomsskule:

Smiljana Stajic er tilsett som norsk-lærar ved vaksenopplæringa. Ho er opphavleg frå Serbia og har tatt mastergrad i nordiske språk ved UiA. Ho flytta hit no i haust og bur i Dale.

BISTAND OG OMSORG (BIO)

Julie Ovedie Gabrielsen er tilsett i 75% fast stilling i arbeidslag 4 (psykisk helse) som helsefagarbeidar. Julie er 24 år og kjem frå Askvoll, og bur på eit småbruk med sambuar og tre born. Ho kjem frå stilling som helsefagarbeidar i Askvoll kommune. **Tina-Marie Ekreskar Hjelmeland** er tilsett som helsefagarbeidar i arbeidslag 5 (sjukeheim og omsorgsboligar). Ho tok fagbrevet i vår, etter læretid i Gaular kommune og på FSS. Ho er 21 år, kjem frå Hyllestad, og har tidlegare jobba i arbeidslag 3 og på Blomstertorget i helger og ferier. **Karin Strand** er konstituert som lag-leiar for arbeidslag 3 i tida 01.10.15–30.09.16.

Torhild Ask har permisjon frå stillinga si i eit år, i denne tida er Karin Strand konstituert som lagleiar. Karin kjem frå jobben som fagansvarleg for barn og unge i arbeidslag 3. **Hanne Ulvatne Igelkjen** er tilsett i 80% stilling som koordinator ved mottaks-kontoret. Hanne er utdanna sjukepleiar og kjem frå arbeidslag 2.

Ellen Alværen er tilsett som sjukepleiar i 80% ved arbeidslag 2. Ellen har tidlegare jobba i arbeidslag 1, og kjem no frå stilling i arbeidslag 4.

Mari Flem Hagen er tilsett i 80% sjukepleiarstilling ved arbeidslag 3. Mari er nyutdanna sjukepleiar og har jobba i bufelleskap ved sidan av studiene i Bergen. Ho flytta til Lammetun i sommar og har hatt sommarjobb ved Hauglandsenteret. Sambuar med Oddgeir Lammetun.

Juni Bøe Nyland er tilsett i 100% vikariat ved arbeidslag 5. Ho fullfører sjukepleiarstudiet i oktober, og tek til hos oss i november. Juni er 25 år og frå Hamar/Ottesstad, men med beste-foreldre i Dale. Ho har hatt sommarjobb i arbeidslag 5 no i år.

FYSIOTERAPI:

Malene Solheim er tilsett som ergoterapeut i Fjaler kommune. Ho er 31 år, og opphavleg frå Dale. Malene er utdanna ergoterapeut, i tillegg til bachelorgrad i idrett, fysisk aktivitet og helse og PPU. Ho har allsidig bakgrunn, mellom anna som handballspelar i eliteserien og konsulent i NHF. Grunna nyleg fødsel tek ikkje Malene til i stillinga før i mai 2016. Vi søker å få tak i vikar i tidsrommet.

HAFS BARNEVERN:

Jenny Kjøsnæs er tilsett i 100% stilling som barnevernpedagog. Jenny kjenner mange frå NAV, ho har vore tilsett i Fjaler kommune sidan 2009. **Ingunn Mortensbakke** er tilsett i 50% fast stilling som barnevernpedagog. Ingunn er i vikariat, men delar av dette er no gjort om til fast stilling. **Irene Gautestad** er tilsett i 90% vikariat som barnevernpedagog. Irene kjem frå Odda og er nyutdanna frå HiSF no i vår. Ved sidan av studiane har ho jobba ved avlastningsbustad. Irene tok til i stillinga 17.08.

NAV:

Nina Yndestad er tilsett som rettleiar ved NAV Fjaler. Nina er kjend for dei fleste, både som arbeidstakar i Fjaler kommune i fleire periodar og som kommunestyremedlem. Ho har fram til no vore i eit vikariat ved NAV Fjaler, men vart frå 01.09.15 fast tilsett.

Vi ynskjer alle velkomen til Fjaler kommune!



ASK

– ein undervisningsmetode

VED DINGEMOEN SKULE VAR 5.KLASSE (2014/15) MED I EIT STORT UTVIKLINGS- OG FORSKINGSPROSJEKT I REGI AV HØGSKULEN I SOGN OG FJORDANE. PROSJEKTET ER EIT SAMARBEID MELLOM HISF, DEI FIRE SKULEREGIONANE OG KOMMUNANE I FYLKET. I TILLEGG ER EI REKKE NASJONALE OG INTERNASJONALE SAMARBEIDSPARTNARAR MED.

TEKST OG FOTO: GURO OSLAND NESS

ASK-prosjektet (Active Smarter Kids) vart/ blir gjennomført fordi det i dag er utilstrekkeleg kunnskap om korleis auka fysisk aktivitet i skulen verkar inn på skuleprestasjon, skuletrivsel og helsevariablar. Denne kunnskapen er viktig både i eit læringsperspektiv og eit førebyggjande folkehelseperspektiv. ASK-prosjektet vil truleg gi samfunnet verdifull kunnskap om organisering av skulekvardagen, metodar for betre læring og førebyggjande helsearbeid.

FEM MINUTT

Våren og hausten 2014 fekk kontaktlærarane i 5. klasse opplæring i korleis å utnytte denne daglege timen, både ved å legge inn «5-minutt-arar», fysak og aktiv læring i timeplanen. «5 minuttar» er ein pause midt i ei undervisnings-økt, elevane et litt mat/frukt, og ein har ein aktivitet som får opp pulsen. Deretter går elevane tilbake til arbeidet. Fysak er fysisk aktivitet i ulike former og av ulik intensitet utandørs. Aktiv læring er fysisk aktivitet medan ein også har fag, dette føregår også utandørs uansett veir.

METODE OG UTVIKLING

Elevane vart i førekant av prosjektet testa i alt frå fysisk form, til kognitive testar, blodprøver, høgde og vekt, og det faglege nivået vart kartlagt. Dei same testane gjekk elevane gjennom etter endt skuleår, dette for å sjå utviklinga og kva dei nye undervisningsmetodane hadde gjort med elevane.

Sjølv om vi ved starten av det nye skuleåret hausten 2015 enno ikkje hadde fått resultat frå forskinga, bestemte lærarane på trinnet, saman med foreldra i klassen, at vi ville fortsette å bruke ASK-metoden i undervisninga. Vi meiner at ASK-metodane gjev oss så mange positive aspekt at vi ikkje kan gje oss no! Prosjektkoordinator Geir Kåre Resaland ved Høgskulen i Sogn og Fjordane vart invitert til Dingemoen skule, og i dagane før skulestart i august jobba vi med å informere og planlegge korleis ASK-metoden kunne brukast på alle klassesteg.

I dag brukar alle klassane på Dingemoen undervisningsmetodane frå ASK, og det er utelukkande positive erfaringar på alle trinn, både frå elevane og lærarar!



Foto: David Zadig

HAFS

UTVIKLING

FØREMÅL:

Selskapet sitt føremål er å arbeide for å fremje vekst i næringslivet samt medverke til å sikre stabil og langsiktig folkevekst i HAFS-regionen, det vil seie i kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund, gjennom næringsfremjande tiltak.

TILSETTE:

Med kontorstad Dale Senter:

Anders Lien - Dagleg leiar
Linda Hovland - Rådgjevar
Per-Arne Tveit - Rådgjevar
Britt Hansen - Prosjektleiar omstilling Askvoll (Rådgjevar frå 01.01.17)
Anne Hopland - Delprosjektleiar omstilling Askvoll (tilsett fram til 31.12.15)

Med kontorstad Solund Verft:

Mark Elvevåg - Rådgjevar

TENESTER:

Forvaltning av næringsfond. Dei fire kommunale næringsfonda er samla til eitt fond, og er tenkt nytta på tvers av kommunegrensene (Askvoll har visse føringar på sin eigardel i omstillingsperioden ut 2016).

Bedriftsutvikling (tilskot inntil 50% av totalkostnad på inntil kr. 200 000,-)


- Etablering av selskap (som: forretningsplan, skjema, organisering, rådgjeving)
- Utvikling av bedrift (som: profil, personale, organisering, idear)
- Produktutvikling (som: nye idear/produkt, vidareutvikling av konsept)
- Marknadsutvikling (som: ny marknad, utvikling innanfor eksisterande marknad)

Investering (tilskot inntil 30% av totalkostnad på inntil kr. 500 000,-)

- Støtte til investering i bygg, maskiner og utstyr

Rådgjeving ved kontakt med offentlege instansar, Innovasjon Norge, finansinstitusjonar o.l

www.hafsutvikling.no



Sjukeheimen i Fjaler er ein av institusjonane som har teke imot språkpraktikant. Dei har Selemawit Mehari (25) hos seg kvar fredag, der ho jobbar både på kjøkkenet og i ei av avdelingane. Bjørg Yndestad, som er kontaktperson for Selemawit, har dette å seie om samarbeidet: Både personalet og bebuarane set stor pris på Selemawit. Ho er ei blid og arbeidsvillig jente, og språket er mykje betre enn då ho starta på sjukeheimen i sommar.

Foto: Bjørg Yndestad

FLYKTNINGANE SOM VERT BUSSETTE I NORSKE KOMMUNAR, ER MED PÅ EIT FULLTIDS INTRODUKSJONSPROGRAM DER DEI MELLOM ANNA LÆRER SEG NORSK OG SAMFUNNSKUNNSKAP. I AUGUST I ÅR KOM DEN NYE NORSKLÆRAREN FLYTTANDE TIL FJALER. HO HEITER SMILJANA OG ER FRÅ SERBIA.

TEKST: ELISE RISNES EIKEVIK/
FOTO: ROLF-MAGNE GOLTEN ANDERSEN

Minst atten timar for veka samlast Smiljana Stajic (30) og deltakargruppa på ni i eit klasserom på Fjaler Ungdomsskule. Der terpar dei på grammatikk, over seg i praktisk norsk og lærer om norsk historie, geografi, kultur og skikkar. Smiljana, som sjølv er nokså ny i Noreg, veit godt kor avgjerande språket er når ein skal bli del av eit nytt samfunn.

– Ein vert hindra på så mange måtar om ein ikkje kan språket! Ein kan kjenne seg mindreverdig, tenke at ein ikkje er god nok dersom ein ikkje klarer å uttrykke seg slik ein vil. Og det er jo ikkje fordi ein er dum, det er berre det at vi er så avhengige av språket.

DEI NORSKE VIKINGANE LOKKA
Som 19-åring hadde Smiljana forkjærleik for særleg to ting: kunst og språk. Ho konkluderte med at språkstudier ville vere betre for framtidsutsiktene hennar enn kunst, og valde skandinaviske språk og litteratur som fag. Smil-

jana hadde ein sterk fascinasjon for det norske, med vikinguniverset, musikken og naturen. Etter to år som norsklærer i Serbia, flytta ho til Kristiansand og tok mastergrad i nordisk språk og litteratur. Ho hugsar godt kor krevjande det var å setje seg inn i det norske språket, og tek med seg eigne erfaringar når ho no sjølv underviser i norsk som andrespråk. Då Smiljana fekk telefon frå Fjaler om at jobben som norsklærer var hennar, var det ei utfordring ho ikkje var heilt førebudd på.

– Du skal undervise på nynorsk, sa dei. – HVA?! sa eg.

No kan ho fortelje det med eit smil, og legg til at nynorsken har begynt å snike seg inn når ho pratar også. Den nye kvardagen i Dale går seg også til, og Smiljana snakkar med forundring om korleis ho er mykje travlare på fritida her enn ho nokon gong var i byen Kristiansand.

NORSK OG SPRÅKPRAKSIS UVURDERLEG

Føremålet med introduksjonsprogrammet for flyktningar, er at dei så raskt som mogleg skal integrerast i samfunns- og arbeidsliv. Norskopplæringa er ein sentral del av opplegget, og Fjaler kommune ønskjer å tilby deltakarane såkalla språkpraksis i tillegg til klasseromsundervisinga. Deltakarar som er i språkpraksis vert utplasserte hos bedrifter eller institusjonar, og Smiljana er tydeleg på kva fordelar dette fører med seg.

– I språkpraksis får ein ikkje berre førebu seg på arbeidslivet, ein får delta

aktivt i lokalsamfunnet, bli kjende med folk og lære av dei. Lære språket, lære dialekta og knyte kontaktar, seier ho.

Norsklæraren meiner at di fleire kjende ansikt ein kan seie hei til ute i Dale sentrum, di betre er det for alle. Om vi kjenner på fordommar mot menneske med ein annan bakgrunn enn oss sjølve, kan desse enklast brytast ned ved å gje folk ein sjanse, er Smiljana sitt råd. Det gjeld både i arbeidslivet eller når ein møter kvarandre i bygda, om vi inkluderer dei nye sambygdingane i smått og stort, får vi eit godt miljø saman.

MOTIVERTE DELTAKARAR

Smiljana ser god språkleg framgang hos deltakarane i introduksjonsprogrammet, og meiner norskopplæring og språkpraksis også har andre positive ringverknader. Hennar inntrykk er at flyktningane vert tryggare og meir nøgde etter som dei vert flinkare i norsk og blir kjende med fleire her i bygda.

– Deltakarane står på for å kunne få seg ein jobb, men i tillegg til det vil dei gjerne treffe folk. Dei er veldig motiverte, fortel Smiljana.

I dag er det lagt til rette for språkpraksis hos Straumsnes bygg, Coop Marked, Fjaler sjukeheim, Norddal auto, uteseksjonen og reinholdssentralen. Bedrifter som kunne tenkje seg å vite meir om ordninga med språkpraktikant, kan kontakte flyktningkoordinator i Fjaler, Stine Bøthun.

INTRODUKSJONSPROGRAMMET



- Alle flyktningar mellom 18–55 år som blir busette i Fjaler etter avtale med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) har rett og plikt til å delta i introduksjonsprogram.
- Introduksjonsprogrammet skal førebu nykomne innvandrar til å delta i arbeids- og samfunnslivet, og hjelpe dei til å bli økonomisk sjølvstendige.
- Introduksjonsprogrammet skal minst innehalde opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og tiltak som førebur til vidare utdanning og arbeid. Kommunen har ansvar for å fylle introduksjonsprogrammet med kvalifiserande tiltak, slik at deltakaren er betre rusta til å starte utdanning eller søkje jobb etter programmet er fullført.
- Ein har rett til å starte på programmet så raskt som mogeleg, eller seinast innan tre månader etter busetting i kommunen. Programmet motsvarar eit fulltidsarbeid, og varar normalt 2 år (kan forlengast med eit tredje år).
- Reglane for introduksjonsprogrammet er særers like reglane i det norske arbeidslivet. Deltakarane må følgje normal arbeidstid, dei skal ha eit fulltids- og heiltidsporgram og har rett på 5 veker ferie i løpet av eit år. Som deltakar får ein utbetalt introduksjonsstønad, og deltakarane betaler skatt. Deltakarane får betalt etter oppmøte.
- Alle på introduksjonsprogrammet har rett til å arbeide utanfor programtida, til dømes om ettermiddagane/kveldane og i helgene.

Introduksjonsprogrammet i Fjaler inneheld mellom anna:

- Norsk- og samfunnsfagsundervisning (på vaksenopplæringa i Fjaler)
- Kurs i regi av Flyktningtenesta (datakurs, engelskkurs, kurs i brannvern og fyrstehjelp)
- Språkpraksis (hausten 2015 har ein i Fjaler sju bedrifter som har språkpraktikantar hos seg)
- Intropraksis
- Deltaking i valfri frivillig organisasjon
- Norsktrening i regi av Fjaler Røde Kors
- «Aktiv på dagtid» - eit ope tilbod i treningsstudioet i Fjalerhallen
- Arbeidsmarknadstiltak i regi av NAV

Vedtak om busetting av flyktningar i Fjaler kommune:

- Vedtaket for 2015 er 17 flyktningar (familiesameining kjem i tillegg). Fjaler kommune har i 2015 busett familiar og einslege frå Eritrea.
- Vedtaket for 2016 er 14 flyktningar (familiesameining kjem i tillegg).
- Grunna den ekstraordinære flyktningssituasjonen vil Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) kome med oppjusterte oppmodingar før jul, om busetting av flyktningar. Desse vil kommunestyret i Fjaler så ta stilling til.



Vi er volontørane: frå venstre Agata, Milan, Karin, Irakli og Cristina

Bli kjend med dei nye volontørane frå Europa!

KVAR HAUST KJEM DEI HIT TIL OSS, HEILT NYE VOLONTØRAR. JA, NOKON LIKAR SEG SÅ GODT AT DEI IKKJE REISER IGJEN! BÅDE LUIS FRÅ SPANIA, ANA FRÅ SLOVENIA OG OLGA FRÅ HELLAS BUR FRAMLEIS I DALE. SIDAN 1999 HAR FJALER FAKTISK TEKE IMOT RUNDT 50 UNGDOMAR GJENNOM EU SITT UNGDOMSPROGRAM FOR UFORMELL LÆRING.

I haust flytta fem nye volontørar til Fjaler: Cristina frå Spania har fast plass på Dale vgs, Karin frå Tyskland er på Vevang Produksjon A/S og Irakli (Ika) frå Georgia er på UWC. Dei to siste, Milan frå Serbia og Agata frå Polen, arbeider gjennom Frivilligsentralen. Slik får dei prøve seg både i skule og barnehage, på bibliotek, saman med eldre og utviklingshemma og under fritidsaktivitetar. Saman stiller dei opp på dugnader, fellestiltak og i frivillige organisasjonar, og er ein stor ressurs for lokalsamfunnet vårt.

Vil du vite meir? Sjå www.aktivungdom.eu eller kontakt Frivilligsentralen. Er du mellom 18 og 30 år, kan også du reise ut som volontør!

Slik presenterer årets volontørar kvarandre:

AGATA OM CRISTINA:

Cristina (28) er ein spansk Superhelt frå Valencia som vil aktivisere ungdom både i Dale og frå alle stadane rundt. Ho har tusen fantastiske idear per minutt til korleis du kan bruke fritida di på ein kreativ måte. Som profesjonell sosialarbeidar forstår ho alle, og hjelper folk til å følgje sine eigne draumar. Denne jenta er den beste lyttaren eg nokosinne har møtt, og ikkje minst den beste kokken - spansk mat ruler!

CRISTINA OM KARIN:

“Overraskande kraftfull” er eigentleg ikkje eit sterkt nok uttrykk for å skildre Karin (18) frå Tyskland på ein dekkjande måte. Hennar opprørske energi gjer at du sjølv endrar deg som person og ønskjer å yte ditt beste. Ho kjem til å skape ein revolusjon med styrken sin og den unike sansen for humor. Ved å

kjenne Karin, kan du føle deg trygg når du tenkjer på komande generasjonar. Eg kan nesten ikkje vente med å sjå kor fantastisk ho kjem til å vere innan det feltet ho vel å jobbe med i framtida...nei vent, ho er jo fantastisk allereie!

MILAN OM AGATA:

Om de møter ei høg, raudhåra jente som seier hei med eit vakkert og oppriktig smil, då har de møtt ein ny volontør frå Polen. Ho heiter Agata (25), og kjem frå ein landsby som heiter Olesnica, nær byen Wroclaw. Den beste venen hennar er eit kamera som ho tek utruleg vakre bilete med. På fritida likar ho å lese, teikne og gå på gammaldans.

KARIN OM IKA:

Her i Noreg er Ika (28) i gang med si andre runde som volontør, han var også fem månader i Romania for nokre år tilbake. Han arbeider på UWC der han motiverer elevane og driv med ulike sportsaktivitetar saman med dei. Ika, som kjem frå Georgia, er nært knytt til Noreg sidan han er gift med ei jente frå Dale. På denne måten har han alt teke til seg nokre norske vanar, til dømes fisking, som han likar svært godt.

IKA OM MILAN:

Milan (29) frå Serbia er ein positiv, hyggjeleg og også veldig ansvarsfull person. Han er interessert i landet og kulturen her, og svært motivert for å lære norsk. Før han kom til Noreg hadde han alt lært noko av språket, og starta med å snakke norsk med det same. Milan er flink til å dele av sin eigen kultur med folk rundt seg, og eg trur faktisk han kan snakke litt av nesten alle språk.



Akbaret frå Eritrea serverer kaffi til Milan frå Serbia

Internasjonale FJALER

DENNE HAUSTEN HAR FJALER KOMMUNE, I SAMARBEID MED ANDRE AKTØRAR, ARRANGERT FLEIRE TILSTELLINGAR MED EIT INTERNASJONALT PREG. GJENNOM SPRÅKKAFEEN I STUDIO NOVA OG DET INTERNASJONALE MATBORDET I TRUDVANG, HAR EIN FREISTA Å SKEPE MØTEPlassar DER KULTURAR KAN MØTAST.

TEKST: ELISE RISNES EIKEVIK/FOTO: AGATA RORAT

Det er flyktingtenesta og Fjaler Røde Kors som står bak initiativet til ein fast Språkkafé i Studio Nova i Dale. Tanken var å skape ein arena der dei nyankomne flyktingane frå Eritrea og lokalbefolkninga i kommunen kunne møtast på uformelt vis. Gjennom Språkkafeen kan ein knyte kontaktar, uveksle erfaringar, og ikkje minst får flyktingane øve opp norsken sin.

SPRÅKKAfé OG MAT FRÅ HEILE VERDA
Annankvar søndag frå klokka tre til fem er Språkkafeen open, og den faste samlingsstaden har vore Studio Nova i det gamle kommunehuset. Med innsats frå einingar i kommunen og frivillige lag, er ei rekkje med temabaserte søndagskafear gjennomførte, og fleire planlagde. I haust har ein mellom anna fått oppleve lokale tradisjonar og mat, lokalt handverk, samt folkemusikk og dikt i Jakob Sande-tunet. Før året er omme står også juleverkstad og Lucia-feiring på plakaten.

Eitt av tema ein ville innom i Språkkafeen i år, var matkultur og matrettar frå ulike land. Men under planlegginga vart det klart at Studio Nova ville hyse for få menneske til ei hending som dette. Fjaler er nemleg ein mangfaldig kommune når det kjem til innbyggjarar med bakgrunn frå andre land, og ønsket var å få så mange nasjonar som mogleg med på eit Internasjonalt Matbord. Trudvang vart reservert søndag 15. november, og folk frå meir enn 20 land stilte opp og laga fantastiske rettar til eit smekktfullt hus. Frå Hellevik, Flekke, UWC, Dale og endåtil Askvoll kom det kokkar

med dampande varmmettar, salte smakar, søte smakar, sterkt og mildt.

MEIR INTERNASJONALT FRAMOVER

Arrangørane av Matbordet var overvelda av det gode oppmøtet frå fjalerfolket og innsatsen frå kokkane denne ettermiddagen. Alt no er det bestemt at dette er noko ein vil prøve å gjere til ei årleg hending. Språkkafeen er også eit tilbod som skal vidareførast, men kanskje i ei litt anna drakt etter årsskiftet. Målet er å legge til rette for ein møtestad som kan minne om det Internasjonale Matbordet. Der håpar vi at dei som bidrog med mat og kultur kjende eigarskap til arrangementet, og at gjestene opplevde kor enkelt og gjevande det kan vere å samlast ulike kulturar på denne måten. Heile familiar, med både smårollingar og besteforeldre, kom til Matbordet i lag. Dette er også eit ønske vi har for Språkkafeen framover, at den skal kunne vere noko nettopp for heile familien. Alle som kunne tenkje seg å bidra til søndagskafearne er velkomne til det, om det er å lære vekk ein signaturrett eller kunsten å brygge perfekt te, eller å servere ferskt, heimebaka brød til gjestene. Det spelar inga rolle om ein opphavelg er norsk eller eritreisk eller tysk, det einaste av betydning er at ein vil dele noko med andre.

Neste Språkkafé er søndag 13. desember, og då skal det naturleg nok feirst Lucia! Alle som er glade i lusekattar bør komme i Studio Nova denne dagen, og er vi heldige får dei vaksne seg ein kopp forseggjort eritreisk kaffi også.



Frå det store internasjonale matbordet 15.11.15 i Trudvang, Dale



Ressurssjulepleiarane Iris Asperheim og Marit Eikemo Halsnes. Foto: Margrete Reisæter.

Prosjekt lindrande behandling

FJALER KOMMUNE HAR FOR 2015 FÅTT PROSJEKTMIDLAR FRÅ HELSEDIREKTORATET TIL PROSJEKTET «KOMPETANSE-HEVANDE TILTAK FOR LINDRANDE BEHANDLING OG OM-SORG VED LIVETS SLUTT».

TEKST: MARIT EIKEMO HALSNES

Fjaler kommune opplever som andre kommunar at behov for meir kompetanse gjer tilsette usikre i møte med den alvorleg sjuke og deira pårørande. Samstundes ser vi at Samhandlingsreforma har skapt fleire forventningar til førstelinjetenesta, som krev meir kunnskap og ressursar i kommunen. I ein travel arbeidskvardag er det utfordrande å ha fokus på ny kunnskap og kompetanseheving. Å setje av tid til kompetanseheving

gjennom eit prosjekt med eigne midlar har vore heilt naudsynt.

Målet med dette prosjektet er å gje betre og lik behandling til pasientar, og god og riktig informasjon til pasientar og pårørande.

KORLEIS FÅ DETTE TIL?

Dette kan vi få til ved å ha fokus på dette fagfeltet og nytte tverrfagleg kompetanse i eit studieopplegg. Vi har difor oppretta ei tverrfagleg studiegruppe på 12 helsetilsette på tvers av arbeidslaga i BIO. Desse møtest ein gong i månaden der dei får undervisning på to timar. Undervisninga er i vaktskiftet. Dei som er på dagvakt går ein time lenger, medan dei som skal på ettermiddagsjobb kjem ein time før arbeidsstart.

Desse 12 avsluttar sin undervisningsbolck til nyttår. Etter nyttår får 12 nye tilbodet, og får

same undervisning. Meininga er å søkje ytterlegare prosjektmidlar, slik at alle helsetilsette i kommunen får høve til å delta.

KVEN HAR UNDERVISNINGA?

Fjaler kommune har mange dyktige personar innan sitt fag. I tillegg til desse samarbeider vi med andre faggrupper. Mellom desse er prest, tilsynslege til sjukeheimen, sjukepleiar ved Palliativt Team i Førde og ressursssjukepleiarane.

OPEN FAGDAG

I løpet av prosjektperioden skal det haldast ein heil fagdag om dette emnet. Meininga er då å invitere helsetilsette frå nabokommunane også.

Prosjektet er eigd av Fjaler kommune ved rådmann og tenesteleiar i BIO, men vert drifta av Fjaler kommune sine ressursssjukepleiarar Iris Asperheim og Marit Eikemo Halsnes.

TEMA I UNDERVISNINGA



- Grunnleggjande lindrande behandling, bruk av individuell plan og bruk av eit dokumentverktøy som heiter ESAS.
- Smerte: dei fire viktigaste medikamenta og bruken av smertepumpe.
- Kommunikasjon til pasient og pårørande.
- Kvalme, tung pust, angst og uro.
- Åndeleg omsorg.



Bytedag i Studio Nova

MASSEVIS AV KLEDE, SKO, BØKER OG LEIKER FEKK NYE EIGARAR DÅ FRIVILLIGSENTRALEN I FJALER MED FLEIRE ARRANGERTE BYTEDAG I STUDIO NOVA DEN 18. OKTOBER. ØNSKIET VAR Å INSPIRERE TIL MEIR GJENBRUK I STADEN FOR BRUK-OG-KAST.

TEKST: ELISE RISNES EIKEVIK FOTO: AGATA RORAT

Inspirasjonen kom frå Frivilligsentralen i Gulen, der ein har oppretta eit eige utstyrsdepot. Der kan folk levere inn klede og utstyr dei ikkje nyttar, og alle som har bruk for noko kan komme innom og få med seg dette heim. Tilbodet er gratis, og viser korleis klede og utstyr kan få lang levetid, sjølv når ein opprinneleg eigar har gått lei skia han kjøpte eller dressen som vart for liten.

Her i Fjaler ville Frivilligsentralen invitere til eit enkelt treff for å sjå om folk kunne vere interesserte i ein slik bytekultur. Fjalerbuane vart inviterte både til å levere inn og plukke med seg heim av alt som hamna på bord og klestativ i Studio Nova.

STOR GJEVARGLEDE

Alt før dørene opna denne søndagen kom det inn øskjer med kjøkkenutstyr, pyntesaker og klede. Så kom dei første besøkande med armane fulle av posar: Det var fint brukte klede og sko, babyutstyr og leiker, småbord i retro-stil, lamper og krakkar, vesker, bøker og sportsutstyr! Arrangørane stilte med kaffi og saft, men ei tid var lokalet så fullt at det diverre var vanskeleg å setje seg ned for å ta ein prat over kaffikoppen.

Det er fleire som arrangerer bytedagar både i heimane sine og i større forsamlingar, og det finst mange måtar å løyse det på. Nokre stader er reglane at du får ta med deg heim like mykje som du har levert inn, men Frivilligsentralen ville opne for at alle som var innom kunne ta med seg noko heim. Og dette såg ikkje ut til å vere noko problem, gjevarglede var så stor at det framleis var saker til overs då Studio Nova stengde for dagen. Desse sakene vart leverte vidare til i oppe-marknaden i Dale 21. og 22. november, slik at ingenting av det som var heilt og fint brukt vart kasta.

Frivilligsentralen vil gjerne takke alle som var med oss i Studio Nova denne dagen, vi er veldig glade for at så mange kom og nytta seg av tilbodet!



Ny bocciabane

FREDAG 2. OKTOBER 2015 VAR DET OFFISIELL OPNING AV DEN NYE BOCCIABANA VED TUNKAFEEN. ELDRE-RÅDET, SOM HAR JOBBA FOR Å FÅ PÅ PLASS BANA, SPANDERTE KAFFI OG KAKER PÅ ALLE GJESTANE FRÅ KL. 12.00.

TEKST: KRISTIN RIVEDAL YNDESTAD/
FOTO: MARGRETE REISETER

Ordførar Gunhild Berge Stang fekk æra av å klyppe snora på bana, og deretter var det kamp mellom eldrerådet og kommunelaget. For eldrerådet stilte leiar Kåre Flekke og politisk representant Magnus Løvik. Dei vann suverent over kommunelaget representert ved ordførar Gunhild Berge Stang og folkehelsekoordinator Kristin Rivedal Yndestad.



TEKST: KRISTIN RIVEDAL YNDESTAD/
FOTO: KLATREJUNGEL.NO

ANBODSKONKURRANSE

Det har vore gjennomført anbodskonkurranse for levering og montering av klatrepark i sentrumsparken i Dale. Fem tilbod kom inn, og av desse var det Klatrejungel AS frå Førde som fekk kontrakt.

BYGGEPROSESSEN OG FERDIGSTILLING AV KLATREPARKEN

Første byggesteg starta den andre veka i september. Då vart stokkane plasserte og fallunderlaget av kutterflis (oppkutta treverk) lagt ut. Siste byggesteg består av utstyrsmonteringa (tau og nettprodukt), og vil skje i løpet av våren 2016. Klatreparken vil vere klar til 13. mai 2016.

Trass mykje regn var det stort oppmøte, og mange konstaterte at dette måtte dei prøve!

SPAREBANKSTIFTINGA STØTTA

Ideen om ei bocciabane i Dale kom etter at Eldrerådet var til Førde og såg på bocciabanene der. Sidan sommaren 2014 har ein arbeidd for å finne ein god plass til bana, samtw å skaffe finansiering. Pensjonistlaget ved Tunkafeen søkte Sparebankstiftinga i Fjaler om støtte – og fekk 10 000,-! Bana har også godkjent spelemiddelsøknad som vil dekke resten av kostnadane.

Bocciabana kan brukast av alle som vil prøve. Kulene får ein låne på Tunkafeen, der dei også har reglar for utlån. Bana er klar til bruk no, og til våren vert den utvida med ei rampe som skal gjere tilkomsten for rullestolbrukarar endå enklare.

Klatrepark i sentrum

ARBEIDET MED KLATREPARKEN I SENTRUMSPARKEN ER I GONG!

OM KLATREPARKEN

Anlegget er utforma på ein slik måte at det stimulerer til auka styrke, betra motorikk og kondisjon. Grunnideen til Klatrejungel AS er rundløyper. Måten dei ulike modulane er sett saman til eit samanhengande system, gjer at ein har moglegheit til å gå mange rundløyper og alternative ruter i parken.

På nettsida til klatrejungel (klatrejungel.no) kan ein lese meir om klatreparken.

Fjaler kommune har fått tilskot frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane til klatreparken. Klatreparken er definert som eit nærmiljøanlegg, og ikkje ein leikeplass i klassisk forstand. Det gjer at vi også kwan søkje om spelemlidar til anlegget.

Ung Kultur Møtest 2016: Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Gaular

UKM HAR SKIFTA PROFIL – OG FAKTISK OGSÅ NAMN. UKM STÅR IKKJE Lenger FOR UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING – MEN UNG KULTUR MØTEST.

TEKST: INGEBOURG TYSNES

KVA ER UKM?

Eit nettverk av små lokale arrangement og møteplassar, der ungdom kan delta med alle slags kulturuttrykk. Det er også staden for deg som er interessert i sceneteknikk, arrangering, journalistikk, foto, videodokumentar, programmering og webdesign.

Kultur omfattar det meste av det vi menneske er i stand til å skape med kropp, sjel og kreativitet. Her finst det ingen forbod eller påbod – berre moglegheiter.

KVIFOR?

Ein sjanse til å treffe andre, vise kven du er, kva du kan og kva du likar å gjere. Kanskje blir

det starten på eit eventyr. UKM er uansett ei oppleving du ikkje vil gå glipp av – og som du vil hugse lenge.

KORLEIS?

Meld deg på via UKM.no. Alle som ønskjer, kan delta på sitt lokale UKM. Det er gratis å vere med.

Nokre deltakarar får representere kommunen sin på fylkesmønstringa, UKM-festivalen og andre arrangement. Utveljinga skjer på grunnlag av originalitet, kreativitet, publikumskontakt og kvalitet. Til saman skal deltakarane som blir sende vidare spegle breidda i ungdomskulturen.

KVEN?

Ungdom mellom 13 og 20 år. Åleine eller fleire saman. I fjor var vi 24 000 ungdommar.

KVAR OG NÅR?

Laurdag 27. februar 2016 i Fjaler.



Ny bok om sunnfjordingen

SELJA FORLAG I FØRDE HAR NYLEG GJEVE UT BOKA SUNNFJORDINGEN, MED TEKSTAR AV OG OM NIKKA VONEN OG OLE W. FASTING. FJALER SOGELAG ER SÅ GÅVMILDE AT DEI SPANDERER HEILE KLASSESETT AV SUNNFJORDINGEN PÅ SKULANE I FJALER.

Forlaget skriv at «Sunnfjordingen - som embetsmann, bonde og husmann - er tema for denne boka. Den fortel levande om daglegliv, arbeidsliv, levekår og skoleliv i Sunnfjord i siste halvdel av 1800-talet.»

FOLKELIVSSKILDRINGAR MED HUMOR OG ALVOR


I boka får ein høyre om spellemenn, bryllaup og festlege lag, men òg om den religiøse sunnfjordingen med tolsam innstilling til tilværet. Alle folkelivsskildringane er på sunnfjordmål. Det er Einar Offerdahl, busett i Naustdal, som har henta fram desse tekstane og gjeve dei ei meir moderne språkdrakt.

Nikka Vonen frå Fjaler var folkeminnesamar, målkvinne, fjellvandrar og ikkje minst, ho grunnla og dreiv ein av dei mest kjende privatskulane for jenter i si tid, «Pigeinstituttet» i Dale. I 1860-åra byrja Nikka å samle inn materiale som vart til *Fortællinger fra Søndfjord*. Her får ein lære mykje om skikkar og daglegliv i gamle Sunnfjord, og særleg frå Nikka sine

eigne heimtrakter, Dalsfjord-området. Under ser du ein gladlynt smakebit frå Sunnfjordingen. Spørs om nokon i Guddalen går rundt med Bakke-Ystein-skræ i dag!

BAKKE-YSTEIN

«I Guddala he da nok vò' store å sterke folk fyrr i ti'ennje. Dar va ein so 'eitte Bakke-Ystein, so turfte eit bismarpund [6 kg] lær te skræa [skorne] sine. «Dei e'kje me dei tyngste,» sa han å tok dei i handa, «dei e'kje meir helde 1 pund.» Når nøken he stygge sko, seie ein: «Eg meina du he Bakke-Ystein-skræ.» Dan ti' Gud-dalskirkja sku' kleast å nye, sku' kvar mannj skaffe to bord. Då Bakke-Ystein sku' i Dingsøyrsliatte itte bord, laga kona mate åt hånå fyr to daga, men då han gjekk te bords om kvelden, åt han alt opp me éin gong: han tykte da va' ein mún, da so gjort va', so slapp ein da sia. Han va' vekke i to daga. Dei brukte ikkje sag dan ti'a. Trea måtte kløyvas(t) å borda oksas(t). Men han smakte ikkje mate me han va' dar.»





Significant Time
Molecules
med Erlend Skomsvoll
Norvald Dahl Trio
med Jon Irabagon



Riskkonsertane i Fjaler

NEI, DET ER IKKJE EIN SKRIVEFEIL I
OVERSKRIFTA! RISKKONSERTANE
SPELAR SJØLVSAGT PÅ INSTITU-
SJONEN RIKSKONSERTANE – OG
VI SYNTTEST AT DET VAR EIT FINT
ORDSPEL. FOR PÅ MANGE MÅTAR
ER DET EIN RISIKO INNBLANDA I
VÅRE KONSERTAR.

TEKST: INGEBORG TYSNES

Det kan vere ein risiko for publikum, for vi presenterer ofte musikarar som ikkje er veldig kjende. Det kan også vere ein risiko for artistane, Haugland er nok ikkje den mest kjende konsertscena (sjølv om ein begynner å få eit godt rykte blant dei som har vore der grunna god stemning i salen), og så er det også ein risiko for oss som arrangørar. Kjem det folk? Vil folk like musikken?

EIT TREKLØVER HAR BLITT TIL FIRE
Det heile starta med ein tanke om at det i auditoriet til UWC på Haugland står eit fantastisk Steinway-flygel som burde bli brukt endå meir. Kåre Sandvik, tidlegare lærar på UWC, Ingrid Hansen frå rehabiliteringssenteret på Haugland og Ingeborg Tynes som er kultursjef i Fjaler kommune, hadde lyst til å gjere noko med dette. No har også Mats Systaddal frå Hyllestad og Fjaler kulturskule vorte med på laget.

ELLEVE KONSERTAR PÅ FIRE ÅR
Vi begynte litt roleg, men i 2015 har vi arrangert seks konsertar. Dei fleste konsertane kjem som eit samarbeid med Vestnorsk Jazzsenter. Dei har eit program som heiter *Den musikalske stamvegen*, og i 2015 har vi hatt fire konsertar med dei. Dei andre konsertane har vore klassiske med bruk av flygelet – no sist med Marina Kan Selvik. Marina er stjernepianisten som faktisk bur i Gulen, men som reiser rundt med filharmoniske orkester over heile Europa.

GRATIS KONSERTAR FOR UNGDOM
Vi ynskjer at flest mogeleg skal oppleve desse flotte musikanane. Difor har vi gratis inngang for alle under 20 år! Alle konsertane startar kl. 20.00.

PROGRAM FOR VÅREN 2016



Vi har allereie avtalt fire konsertar med Vestnorsk Jazzsenter for den kommande våren.

SØNDAG 31. JANUAR: NORVALD DAHL TRIO MED JON IRABAGON

Våren 2012 inviterte den bergens-baserte pianisten og komponisten Norvald Dahl det amerikanske stjernesketet Jon Irabagon til Bergen. Konserten vart særers vellukka, og bandmedlemmene har spelt saman jamleg sidan dette. I oktober 2014 spelte dei inn debut-albumet sitt, *In the Bulls House*, i Ole Bull sin villa på Lysøen. Musikken er av hardtsvingande karakter med moderne harmonikk og rytmikk med store rom for improvisasjon. Noko av repertoaret har utvikla seg noko meir i nordisk/lyrisk retning, og har både element av norsk folkemusikk og «moderne klassisk» i seg.

Jon Irabagon – saksofon
Norvald Dahl – piano
Alexander Grieg – bass
Nils Are Drønen – trommer

TYSDAG 8. MARS: MOLECULES MED ERLEND SKOMSVOLL

Denne konserten er i samarbeid med Norsk Jazzforum si ungdoms-satsing; Monitor. Målet er å nå ungdom mellom 13 og 18 år – og kva er då betre enn å ha konserten på United World College med 200 ungdommar samla. Men konserten passar også for vaksne. Bandet er sett saman av fem unge og særers spennande utøvarar frå Griegakademiet, i tillegg til ein tidlegare student som har nådd å etablere seg på jazzscena nasjonalt og internasjonalt. Som mentor har dei med seg ein av dei mest særeigne pianistane, komponistane og arrangørane i landet, nærare bestemt Erlend Skomsvoll.

Erlend Skomsvoll (mentor) – piano
Karoline Wallace – vokal og komposisjonar
Jonas Flemsæter Hamre – saksofonar

Tancred Heyerdahl Husø – trompet
Mathias Marstrander – gitar
Petter Asbjørnsen – kontrabass
Øyvind Skarbø – trommer

ONSDAG 13. APRIL: IVAR KOLVE POLYOSTINAT

Polyostinat er strukturar og mønster – rytmiske, harmoniske eller melodiske – som gjerne ligg lag på lag. Resultatet er ein uhyre sofistikert, melodisk og harmonisk vakker jazzkonsert. Konserten har vorte framført ein gong tidlegare, på bestilling frå Vossa Jazz. Urframføringa i ein fullsett Gamlekino hausta gode tilbakemeldingar, og har vorte trekt fram som eit av høgdepunkta på festivalen.

Ivar Kolve – vibrafon
Kår Kolve – saksofoner
Jørn Øyen – tangenter
Ole Marius Sandberg – bass
Jarle Vespestad – trommer

TORS DAG 12. MAI: SIGNIFICANT TIME MED HAYDEN POWELL OG ANDRÉ ROLIGHETEN

Plateaktuelle Significant Time sin konsert på Maijazz-festivalen, har av fleire skribentar blitt omtalt som festivalen sitt høgdepunkt. NRK var også tilstade og gjorde opptak som seinare har blitt spelt med jamne mellomrom. Kvartetten består av fire aktive og unge musikarar frå Vestlandet, men sidan våren 2014 har Significant Time opptredd som sekstett, med André Roligheten på saksofonar og klarinett, og Hayden Powell på trompet. Bandet sitt uttrykk har sidan då vakse seg større – både klangleg, variasjonsmessig og improvisasjonsmessig. Ravel og Grieg er tydelege inspirasjonskjelder, i tillegg til meir moderne improvisasjonsuttrykk.

Signe Irene Stangborli Time – vokal
André Roligheten – saksofon
Hayden Powell – trompet
Øyvind Dale – piano
Fredrik Luhr Dietrichson – bass
Raymond S. Lavik – trommer

Å jul med di glede!

28. NOVEMBER
– LAURDAG FØR ADVENT

Dale
10-14: Open dag og marknad på Vevang. Mange fine julegåver i tre, tekstilvarer og lys. 14 gjesteutstillarar. Dale musikkorps spelar kl. 12. Kafé med heimelaga kaker. Arr: Vevang Produksjon AS og Vevang dagsenter

Flekke
15.00: Julegrantenning i parken med gløgg og julekaker. Korpset spelar.

29. NOVEMBER
– FØRSTE SUNDAG I ADVENT

Dale
14.00: Den tradisjonelle julemessa på Fjaler sjukeheim. Sal av fine julegåver, kaffi og kaker. Årsal, loddsal og utlodding. Nytt høvet til å besøke slekt og vener - velkomne til ei triveleg julemessa! Arr: Støttelaget for sjukeheimen.

17.00-17.30: Klimamarsj. Appell i parken og marsj med lyslykter over Storeelva-brua og tilbake. Markeringa er ein del av eit globalt arrangement. Arr: UWC og MDG Fjaler m.fl.

17.30: Julegrantenninga i Dale. Korpset spelar, program, song, sal av mat og varm drikke, førjulsappell ved UK-ordførar. Julenissane helsar på. Grana vert tend kl.18.00. Arr: Butikknemnda i Dale.

19.00: Lysmesse i Dale kyrkje med konfirmantane, barnekoret, ungdomskoret og 4. årsteg ved Dingenmoen skule.

Våge
15.00: Den årlege adventsbasaren i grendahuset på Grytøyra. Underholdning, årsal og trekking av bøkene. Kaffi, kaker og bollar. Kanskje kjem julenissen innom også! Arr: Våge Kvinne- og familielag.

6. DESEMBER
16.00: Lysmesse i Hellevik bedehuskapell med konfirmantane og Do Re Mi. Utdeling av 4-årsboka.

19.00: Julesongkafé i Høegh-senteret, UWC. Vi syng julesongar frå heile verda, du får høyre det vakre julekoret og nyte heimelaga godbitar. Velkomne til ein stemningsfull kveld! Arr: Safuge, UWC.

13. DESEMBER
15.30: Den tradisjonelle førefjulsfesten på Guddal skule. Program av barnehagen og elevane i skulen, matøkt og gong rundt juletreet. Nissen kjem alltid innom. Velkomne!

16.00: Førefjulskonsert i Folkestad bedehuskapell. Med Do Re Mi og fleire. Kyrkjekaffi.

18.30: Lysmesse i Guddal kyrkje. Med familiekoret og skuleelevar.

15. DESEMBER
19.30: Den store julekonserten i Dale kyrkje. Med Cantus, ungdomskoret og fleire.

17. DESEMBER
18.00: Juletreffest på Våge skule. Program ved elevane, servering og gong rundt juletreet.

26. DESEMBER – 2. JULEDAG
Dans og levande musikk på Kaia Pub & Restaurant. Costello spelar.

Sjå gudstenesteliste i Kyrkjeblad for Fjaler, i Firda og på nett: www.fjaler.kyrkja.no

Gevinst til julemessa på sjukeheimen. Foto: Bjørg Yndestad



ANDRE ARRANGEMENT MOT JUL – KINO, TEATER OG DANS

Julekino

FJALER KINO, DALE

Frå 4. desember «Snoopy og Charlie Brown: Knøttene-filmen» For alle.

Frå 16. desember «Star Wars: The Force Awakens» Alder 12 år.

Frå 26. desember «Solan og Ludvig – Herfra til Flåklypa» (For alle) og «En mann ved navn Ove» Alder 12 år.

BYGDEKINOEN PÅ GRYTØYRA

1. desember

18.00: «Julekongen - Full rustning» Alder 6 år.

20.00: «The Hunger Games: Mockingjay Part 2» Alder 12 år.

TEATER OG DANS

28. november

Dans med Costello på Kaia Pub & Restaurant.

4. desember

20.00: Fredagsdansen i Trudvang med Trekkspelkameratane. Neste dans er 8.januar 2016, same tid og stad. Arr: Fjaler revmatikarlag/ Dale UL.

11. desember

19.00: Teater i Fjalerhallen: «Fjordmann». Arr: SOFT www.billettsservice.no

Torsdagsdansen kl. 20.00: UWC 26.11., Straumsnes 02.12., Flekke 10.12. Oppstart i Dale etter nyttår: 07.01.16

Hugs at du finn ein oppdatert kalender over kva som skjer på Fjaler kommune sine heimesider: www.fjaler.kommune.no

DEN
KAL
SVE
STAMVEGEN



André Roligheten
Ivar Kolve



Viktige telefonnummer

Fjaler legekantor 57 73 81 80

Legevakt 116 117

Sunnfjord og Ytre Sogn Interkommunale Legevaktsamarbeid Overgrepsmottak 116 117

Alarmtelefon for barn og unge 116 111

Blir du utsett for vald og overgrep? Eller rusar dei vaksne seg? Du kan ringe gratis og vi hjelper deg. Ring og dersom du trur nokon har det slik.

SMISO Senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane. 57 72 10 72

Krisesenteret Døgnvakt 57 74 36 00

Opplever du fysisk eller psykisk mishandling frå ektefelle, kjæraste, partner, born, foreldre eller andre som du har nær relasjon til? Krisesenteret kan hjelpe deg. www.krisesenteret.sf.no

Rusettervernet i Sogn og Fjordane

977 72 786 www.rusettervernet.no

Sørviskontoret, Fjaler kommune 57 73 80 00

Ope 08.00–15.00

frå 15. mai – 14. september

Ope 08.00–15.45

frå 15. september – 14. mai

Teknisk vakt Fjaler kommune

døgnvakt 951 83 515

Skatt Vest Ope 09.00 – 15.00 800 80 000

NAV Fjaler Ope 09.00 – 15.00 55 55 33 33

Europeisk helsetrygdekort kan bestillast på www.helfo.no

Folkehelseavdelinga – interkommunalt samarbeid www.folkehelseavdelinga.no

Flyktningkoordinator i Fjaler

57 73 80 14 / 404 46 015,

e-post stbo@fjaler.kommune.no

Kontaktinformasjon Fjaler kommune

Pb. 54, 6961 Dale i Sunnfjord

Tlf 57 73 80 00, post@fjaler.kommune.no

Besøksadresse: Sørviskontoret,

Fjalerhuset i Dale

www.fjaler.kommune.no

Teknisk vakt: Tlf 951 83 515

Arbeidstid på Fjalerhuset/Helsetunet:

I tida 15. sept. til 14. mai: 08.00–15.45

I tida 15. mai til 14. sept.: 08.00–15.00

KVA SKJER?

På nettsida til Fjaler kommune, www.fjaler.kommune.no, finn du ein oversiktleg kulturkalender der mykje vert henta frå Origo-sona for Fjaler. Legg inn arrangement sjølv på Origo, då har du styringa om noko skal endrast og det rette kjem i Firda. Ta kontakt med Frivilligsentralen om du treng hjelp!

KVA BLIR VEDTEKE I FJALER KOMMUNE?

Om du vil følge med på kva som blir bestemt i kommunestyret, formannskapet, nemnder og utval, eller som blir handsama administrativt etter delegert vedtak frå kommunestyret, finn du alt dette og meir til på www.fjaler.kommune.no. Logg deg på og sjå kva som finst under dei ulike menyane!

Dei politiske sakene finn du lettast under Politikk og samfunn, Møteplan og saker. Der kan du sjå kva som har skjedd møte for møte. Valet Postliste og innsyn gjev deg tilgang til å lese offentleg post til og frå kommunen. Du får berre lese overskriftene på dokument som er unnateke offentlegheit.

Kontakt sørviskontoret om du treng hjelp – ring 57 73 80 00, eller send e-post til post@fjaler.kommune.no.

SUM INFO



- ♦ Gjenvinningsstasjonen i Flekke er open kvar tysdag kl 12.00 – 18.00
- ♦ Stasjonen ligg i Kjørlevika (i krysset der ein tek av frå fv 57 til ytre Fjaler)
- ♦ SUM INFO og renovasjonskalender vert sendt ut til alle husstandar. Finn du ikkje att informasjonen, kan du kontakte sørviskontoret i Fjalerhuset eller gå inn på SUM si heimeside.
- ♦ Sunnfjord Miljøverk IKS Tlf 57 72 41 50 www.sum.sf.no
- ♦ SUM Einestølen Førde finn du ved å ta av frå rv 5 midt mellom Førde og Naustdal, ta av ved skiltet som syner mot «Avfallsplass» og køyr ca 3 km.